



Statens vegvesen

SIGVALD KVINGE
SLEIRSVEGEN 632
5986 HOSTELAND

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Sigmund Bødal / 55516146

Vår referanse:
19/77323-4

Dykkar referanse:

Vår dato:
13.06.2019

Uttale – Søknad om utvide bruk av avkøyrsl – Frådeling – Fv. 570 gnr. 38 bnr. 10 – Kvingo – Masfjorden Kommune


Vi viser til brev i frå Dykk av 21.05.19, med søknad om utvida bruk av avkøyrsl på Fv 570.

Slik vi forstår søknaden er det planar om oppføring av 3 einebustadar på gbnr 38/10 på Kvingo i Masfjorden kommune. Det er difor søkt om utvida bruk av avkøyrsl for desse bustadane.

Fv 570 på Kvingo er ein del av reguleringsplanen for Fv 570 mellom Einestrand og Nord-Kvingo. Denne planen tek for seg i hovudsak fylkesvegen med utbetringar og nye tilkomstar på han. Planen bestemmer framtidig arealbruk langs vegen og legg grunnlaget for nye tilkomstar. Til grunn for planen ligg mål om betre ferdsle og ivaretaking av trafikktryggleiken på Fv 570.

Omsøkte avkøyrslspunkt er i gjeldande reguleringsplan flytta nokre meter sørover. Vi vurderer at framtidig bustadbygging i området kan finne stad med denne nye avkøyrsla som tilkomst til Fv 570. Ny avkøyrsl er også tilkomst til gbnr 38/1 som må ha tilgang på denne. Under følger utsnitt av reguleringsplanen med påkopling på Fv 570.

Vi oppfattar at ein ønskjer ei anna tilkomst til Fv 570 enn det reguleringsplanen legg opp til. Likevel er det denne planen som styrer arealbruken langs vegen og tilkomst til han. Vi ber om at ein vurderer ny tilkomst til Fv 570. Statens vegvesen ser å kunne vere positiv innstilt til å gje avkøyrslsløyve for dei 3 bustadane med den løysinga for tilkomst som reguleringsplanen legg til grunn.



Utsnitt av reguleringsplan Fv 570 Einestrand – Nord-Kvingo i Masfjorden kommune.

Dersom det er spørsmål til ovannemnde ber vi Dykk ta kontakt med Statens vegvesen.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Bødal Sigmund
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Masfjorden kommune, Postboks 23, 5981 MASFJORDNES